

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Saknr
Delegert rådmannen	034/16

Avgjerd av: Rådmannen Saksh.: Mary Ann Sørheim	Dato: 29.01.2016	Arkiv: N - 258 Objekt:	Arkivsaknr 16/44 - 12
---	------------------	---------------------------	--------------------------

### Den kulturelle spaserstokken 2016

#### Samandrag:

Kvam herad søkte Hordaland fylkeskommune og fekk kr 130 000 i tilskot til «Den kulturelle spaserstokken ( DKSS) 2016».

Kvam herad har lyst ut tilskotmidlane, der kunst- og kulturaktørar kan søkja tilskot til kulturtiltak for eldre i Kvam.

Målet med DKSS er å utvikla gode kunst- og kulturprosjekt/opplevingar for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Midlane skal iflg Kulturdepartementet/Hordaland fylkeskommune nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar.

Dei statlege midlane ( fylkeskommunal tildeling) skal gå til profesjonelle arrangement, og kommunane må sjølve finansiera amatørinnslag.

Det er stor variasjon i konserthonorar, og Kvam herad set ei øvre tilskotsgrense, kr 10 000 pr konserttilskot, der arrangørar har utgifter til td husleige, lydanlegg, marknadsføring og honorar.

Det er kome 8 søknader om tilskot. Søknadene viser mangfald, og fleire aktørar har gode erfaringar gjennom fleire år.

Kvam herad prioriterer arrangement/konsertar på institusjonar, men ønskjer og stimulera til nyskapande og varierte tilbod utanfor institusjonane.

Mange eldre på institusjonar kan ha nedsett helse og/eller treng ekstra tilrettelegging for å kunna nytta kulturoppelvingar utanfor institusjonar. Reiseavstandar/transport i kommunen kan og vera ei avgrensing i høve til å delta utanfor institusjonar, og det er også viktig å sikra at dei svakaste får gode tilbod på institusjonane. Arrangørar som gjev tilbod på institusjonar eller i nært samarbeid med institusjonar vert prioritert. Erfaringar viser også at det er positivt for mange som deltek på arrangement utanfor institusjonar, men at det krev ekstra tilrettelegging og skyss. Denne type arrangement må skje i nært samarbeid med institusjonane, og kan gje mange gode kulturopplevingar i ulike miljø.

Kvam herad meiner det er viktig at alle eldre på institusjonar uavhengig av kvar ein bur i kommunen får tilbod, - og at aktørar som arrangerer tiltak sentralt må samarbeida/invitera alle institusjonar. Tilskotsmottakarane står som arrangøransvarlege for arrangementa, og Kvam herad formidlar kontakt med institusjonane etter avtale. Det er viktig at arrangørane marknadsfører arrangementa med plakatar og informasjon til institusjonane.

Tilskota vert utbetalte etter innsendt rapport og kontonummer tilskotet skal overførast,- etter at arrangementa er gjennomførte.

Tilskotsmottakarar må enten ha organisasjonsnummer,- eller fårt utbetalt som løn.

Det vert gjeve tilskot til honorar,- ikkje administrasjon og matservering.

Kvam herad rapporterer til Hordaland fylkeskommune om bruken av tilskotet.

Søkjar	Kostnad/Søknadssum	Prosjekt
Bygdagnist AS, Storeteigen	60 000/40 000	8 tiltak: Annette Glück, musikkterapi ( 2 arr) Anne C. Eiken , song ( 1 konsert) Frank Rolland/Folkemusikk og tradisjonar (1 arr) Siv Mælen/Solveig Vik, pedagogar, julefest ( 1 arr) Geir Botnen,Kvam kulturskule konsert ( 1 arr) Stig Lundblad- Sandbakk, konsert ( 1 arr) Merethe Gauden, forteljing/litteratur (1 arr)
Folkeakademiet i Kvam, Kinckdagane	?/8 000	Konsert med Geir Botnen og gjesteartist på Strandebarneheimen under Kinckdagane 25.6.16
Hardingtonar	30 500 / 20 000	Ein konsert Tone Hulbælmo på Toloheimen, og ein i Kabuso 11.6.16 i samband med Hardingtonar.
Bygdalarm (Gamlislarm)	45 000/25 000	Ein konsert søndag 3.7.16, evt utstilling i Kabuso.
Arvid Åsprang +	18 000/18 000	4 konsertar på

piano og vokalist		institusjonar i Øystese, Ålvik, Strandebarm og Norheimsund
Merethe Gauden	15 000/15 000	6 forteljestunder på institusjonar i Øystese (2), Strandebarm, Norheimsund( 2) og Ålvik.
Bal Musette, Den gode melodi	12 000/12 000	3 konsertar på institusjonar
Kabuso	24 100/21 000 (utstillingar: 8100) (konsert: 16 000)	4 arrangement i Kabuso/Skyspace ( 2 utstillingar, 1 Skyspace og 1 konsert)

### Rådmannen sitt vedtak:

Kvam herad fordeler tilskot til «Den kulturelle spaserstokken» 2016 som følgjer:

Søkjar	Tilskot 2016	Prosjekt
Bygdagnist AS, Storeteigen	Kr 30 000	Kan nyttja tilskotet innanfor prosjektbeskrivinga av Storeteigen Seniortek
Folkeakademiet i Kvam, Kinck-dagane	Kr 8 000	Konsert på Strandebarmsheimen under Kinckdagane 2016
Hardingtonar	Kr 15 000	2 konsertar ( Toloheimen og Kabuso) under

		Hardingtonar 2016
Bygdalarm	Kr 10 000	Gamlislarm
Arvid Åsprang m / pianist og vokalist	Kr 18 000	4 konserter på institusjonar ( Ålvik, Øystese, Strandebarm og Norheimsund)
Merethe Gauden	Kr 15 000	6 forteljestunder på institusjonar ( Ålvik, 2 Øystese, 2 Norheimsund, Strandebarm)
Bal Musette, Den Gode Melodi	Kr 12 000	3 konserter på institusjonar
Kabuso	Kr 6 000	Utstillinga «Ei reise i to landskap»( to utstillingar) og «Hardanger Skyspace»

Tilskota vert ført på konto 14700 38500 73100 K110 8000. Restsum vert nytta til tiltak gjennom året.

### **Gjeld arrangement utanfor institusjon:**

Arrangør må samarbeida med institusjonane om den praktiske tilrettelegginga, både når det gjeld transport, tilgjenge, innhald og marknadsføring. Tilskotet dekkar ikkje transportutgifter og mat for dei eldre.

### **Gjeld tilskotsmottakarar:**

Ved annonsering må det visast til «Samarbeid med Kvam herad og Den kulturelle spaserstokken».

Tilskotsmottakarar står som arrangøransvarlege for arrangementa, og Kvam herad formidlar kontakt med institusjonane etter avtale.

Krav om utbetaling må skje seinast 10.12.16, elles vil tilskotet kunna falla bort. Ein kan ikkje overføra tilskot til 2017.

Rapporten må innehalda kontonummer tilskotet skal overførast, samt organisasjonsummer,- og ei kort beskriving av gjennomføring av prosjektet.